SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Nærings- og kulturavdelinga

Sakshandsamar:
Sissel Lillebø Aarseth
E-post: Sissel.Lillebo.Aarseth@sfj.no
Tlf.: 91152030

Vår ref.
Sak nr.: 18/7138-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Dato
FØRDE, 06.08.2018

Norsk Countrytreff
Reed senter

6827 BREIM

Vedtektsendringar Norsk Countrytreff av 23.05.18. - uttale Sogn og Fjordane fylkeskommune

Viser til Stiftinga Norsk Countrytreff sitt representantskap sitt vedtak om endringar i vedtektene av 23.05.18.

I samband med vedtektsendringane ønskjer Lotteri- og stiftelsestilsynet uttale frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune der det går fram om fylkeskommunen har kommentar til endringane.

Bakgrunnen for endringane er at NCT vil kome i betre posisjon til momskompensasjon.

Fylkesdirektøren har vurdert endringane. Dei er i hovudsak knytt til tre høve:

1. Fase ut første punkt i §2 Føremål, der ein omtalar knutepunktfunksjon.
   Sidan ordninga med knutepunkt er nedlagt vurderer fylkesdirektøren dette som ei naturleg og nødvendig endring av føremålet.
2. Auke styret frå 5 til 7 medlemar jf. §5.
   Som ei følgje av dette aukar Representantskapet si oppgåve med val av styremedlemar frå to til fire medlemar.
3. Representantskapet sitt årlege møte er flytta frå innan utgangen av mars til innan utgangen av mai.

Fylkesdirektøren har ingen kommentarar til vedtektsendringane.

Fylkesdirektøren vil likevel signalisere at ein i samband med overgang til Vestland fylkeskommune frå 1.1.2020 vil vurdere kva styre fylkeskommunen i framtida vil vere representert i/nemne opp medlemmer til.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad
Assisterande fylkesdirektør

Sissel Lillebø Aarseth
fagkoordinator

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi: Hovudutval næring og kultur